



Saksbehandlar: Synnøve Vasstrand Synnes

ArkivsakID: 17/33

JournalpostID: 18/329

Dato: 07.06.2018

Internt notat

Delprosjekt: P2

Møtestad: Sandøy rådhus

Dato: 25.05.18

Møteleiar: Kari Grindvik

Deltakarar:	Kommune/repr.
Kari Grindvik	Skodje
Modolf Hareide	Skodje
Svein Harsjøen	Haram
Frode Andresen	Ørskog
Helene B. Fjørtoft	Ørskog
Geir Stenseth	Ålesund
Geir Johan Skodje	Tillitsvald
Anny Sønnerland	Sandøy
Elin Moen	Haram
Synnøve Vasstrand Synnes	Ørskog/nye Ålesund
På sak 4:	
Kim A. Breivik	Sandøy
Ole Søvik	Ålesund

Saksliste:

1. **Framdriftsplan** for vidare arbeid i delprosjektet i 2018 (milepælar)
2. **Kommunestyrekomitear**
Drøfting av inndeling/namn og oppgåver til kommunestyrekomiteane – kva prinsipp skal leggst til grunn - førebuing av politisk sak til Fellesnemnda 14.06.18
3. **Kommunedelsutval** i nye Ålesund
Erfaringar frå andre kommunar
Oppsummering og evaluering av gjennomførte folkemøta
Prinsipp for det vidare arbeidet med kommunedelsutval i nye Ålesund
Førebu workshop i Fellesnemnda 14.06.18 vedr. kommunedelsutval.
4. Gjennomgang av **plan-og bygningslova** mtp vidare arbeid med **delegeringsreglement**.
Drøfting av oppgåver og fullmakter til planutvalet.

Kim Andre Breivik og Ole Søvik innleiar.

Referat og konklusjonar:

Sak 1: Framdriftsplan for vidare arbeid

Kommunedelutval:

Arbeidsmøte i fellesnemnda 14. juni : oppgåver, inndeling, arbeidsmåtar

Prosjektgruppa 22. juni: oppsummering og drøfting etter fellesnemnda sitt møte.

Utarbeiding av sak, til referansegruppa, ungdomsråd, eldreråd, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne etc

Vedtak: fellesnemnda 4. oktober/8. november 2018.

Delegeringsreglement:

Arbeidsmøte i fellesnemnda 4. oktober: prinsipp for delegering

Prosjektgruppa 26. oktober: oppsummering etter arbeidsøkt i fellesnemnda

Innstilling frå prosjektgruppa: 26. oktober. Vedtak: fellesnemnda 8. november

Politiske reglement og politikaropplæring/handbok:

Arbeidsmøte i fellesnemnda 13. september: prinsipp for rammevilkår for politisk arbeid

Innstilling møtegodtgjersle frå prosjektgruppa: 30. november

Vedtak i fellesnemnda 13. desember

Møtereglement og folkevaldopplæringa: innstilling og vedtak i 2019

Skjematisk oppsett er arbeidsplanen i prosjektet slik:

Møte	Dato	Innhald
Arbeidsutvalet til delprosjektet	27.08 kl. 1400-1530 (telefonmøte eller Skype)	Førebud møte i delprosjekt P2 31.08
	24.09 kl. 1400-1530 (telefonmøte eller Skype)	Førebud møte i delprosjekt P2 05.10
	22.10 kl. 1400-1530 (telefonmøte eller Skype)	Førebud møte i delprosjekt P2 26.10
	19.11 kl. 1400-1530 (telefonmøte eller Skype)	Førebud møte i delprosjekt P2 30.11
Delprosjekt P2	25.05	Evaluering gjennomførte folkemøte Gjennomgang plan – og bygningslova Drøfte oppgaver/fullmakter til planutvalet Drøfte inndeling/namn og oppgaver til kommunestyrekomiteane
	22.06	Drøfte geografisk inndeling, oppgaver etc ift kommunedelsutval (utfrå innspel frå Fellesnemnda 14.06) Oppsummering frå Folkemøta Lage grovskisse til inndeling i kommunedelsutval, sende ut til Referansegruppa
	31.08	Rammevilkår for politisk arbeid (prinsipp) Førebud arbeidsøkt i Fellesnemnda 13.09
	05.10	Politisk modell inkl. kommunedelsutval
	26.10	Delegeringsreglement – oppsummere etter arbeidsøkt i Fellesnemnda 18.10

	30.11	- Rammevilkår for politisk arbeid: oppsummere etter arbeidsøkt i Fellesnemnda - Førebu arbeidsøkt i Fellesnemnda 13.12: Møtereglement Politikaropplæring
Møte i Fellesnemnda	14.06	Arbeidsøkt: kommunedelsutval Sak: Inndeling/oppgåver kommunestyrekomitear
	13.09	Arbeidsøkt: Rammevilkår for politisk arbeid (prinsipp)
	04.10	Arbeidsøkt: Delegeringsreglement (prinsipp) Sak: politisk modell inkl. kommunedelsutval
	08.11	Sak: Samla delegeringsreglement
	13.12	Evt. arbeidsøkt: Møtereglement Folkevaldopplæring Evt. sak: Rammevilkår for politisk arbeid (reglement for godtgjersle, frikjøp etc)
	2019 (dato ikkje fastsett)	Saker: Møtereglement Folkevaldopplæring

Sak 2: Kommunestyrekomitear

Komiteen drøfta ulike sider ved ordninga med kommunestyrekomitear. Det vil bli lagt fram ei sak for Fellesnemnda i møte 14.06.18 med komiteen si tilråding.

Ein vart samde om følgjande tilråding til Fellesnemnda:

Framlegg frå politisk komite P2:

Fellesnemnda har i sak 18/25 vedteke at det politiske arbeidet på nivået under kommunestyret skal vere organisert med kommunestyrekomitear og tidsavgrensa ad hoc-komitear/oppgåveutval.

Fellesnemnda vedtek at det skal vere 4 kommunestyrekomitear og at inndelinga i kommunestyrekomitear skal vere basert på sektorprinsippet:

- a. Oppvekst
- b. Kultur og medborgarskap
- c. Helse og omsorg
- d. Teknisk, miljø og samferdsel

Ordførar skal fritakast frå val til komitear, jfr. ny kommunelov § 5-8.

Nærare oppgåveportefølje knytt til kommunestyrekomiteane vert å innarbeide i eit samla delegeringsreglement for nye Ålesund kommune.

Fellesnemnda vedtek følgjande strategi for ad hoc-komitear/oppgåveutval:

Nye Ålesund kommune skal i løpet av første kommunestyreperiode ha prøvd ut ordninga med ad hoc komietar/oppgåveutval minst ein gong innafør alle kommunalområda.

Visuelt kan politisk organisasjonsmodell framstillast slik:



Sak 3: Kommunedelutval i nye Ålesund

Det er i løpet av mai 2018 gjennomført folkemøte knytt til utforming av nærdemokratiorgan i alle dei 5 kommunane som skal verte nye Ålesund kommune.

Folkemøta hadde slikt oppmøte:

Skodje : 16

Haram: 32

Ørskog: 48

Ålesund: 26

Sandøy: 38

Oppsummering frå dei ulike folkemøta følgjer som vedlegg til referatet.

Ein er samde om at det i komande møte i Fellesnemnda (14.06) skal gjennomførast ei arbeidsøkt med tanke på utforming av nærdemokratiorgana:

- Nokre utgangspunkt i lovverket
- Føringer i Intensjonsavtalen
- Erfaringar frå andre kommunar
- Oppsummering frå folkemøta
- Drøfting av prinsipp for kommunedelsutvala:
 - Geografisk inndeling
 - Oppgåver
 - Samansetjing – kven foreslår og korleis knyte KDU til kommunestyret
 - (Delegering/mynde kjem seinare)

Sak 4: Gjennomgang av plan-og bygningslova mtp vidare arbeid med delegeringsreglement.

Kim Andre Breivik og Ole Søyvik orienterte om reglement og erfaringar frå hhv Sandøy og Ålesund.

Komiteen tek orienteringane med seg i det vidare arbeidet med prinsipp for delegering og etter kvart konkrete delegeringsreglement.

Med helsing

Synnøve Vasstrand Synnes
assisterande prosjektleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.